



Arvid Hermund Bø
Birkeveien 2
5093 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/2024 - 14/11403

Saksbehandlar:
Line Hervig
line.hervig@radoy.kommune.no

Dato:
17.10.2014

Byggesak Gbnr 24/14 Bø - riving av kai og oppføring av flytebrygge - søknad om løyve til tiltak - godkjenning

Delegasjonssak nr.: 229/2014

Delegert vedtak etter plan- og bygningslova § 20-2

Adresse : Nordbøvegen
Tiltakshavar : Arvid H. Bø og Kjell M. Bø
Søknadstype : Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett

Saksutgreiing:

Tiltak

Saka gjeld søknad om riving av kai og oppføring av flytebrygge på eigedom gbnr.24/14 Bø. Eksisterande kai vert revet og erstattast med flytebrygge som får tilnærma same plassering som kaia. Det er i søknaden opplyst at flytebrygga vert 2.40 × 8 meter.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplan for Radøy 2011-2023 er definert som område for bygg- og anlegg. Arealføremaal i sjø er bruk og vern av sjø og vassdrag. Det vart gjeve dispensasjon til tiltaket i vedtak 069/2014.

Dispensasjon

I møte datert 03.09.2014 har hovudutval for plan, landbruk og teknisk fatta følgjande vedtak:

PLT - vedtak:

Det vert gjeve dispensasjon for oppføring av flytebrygge på inntil 8 meter lengde på følgjande vilkår:

- 1. Det er ein føresetnad for vedtaket at eksisterande kai er lovleg etablert.*
- 2. Flytebryggja skal erstatte eksisterande kai og plasserast på same stad som denne.*
- 3. Det må søkjast om godkjenning hjå Bergen og Omland Havnevesen for tiltak i sjø.*
- 4. Det må søkjast om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova. Endeleg plassering og utforming vert å godkjenne i byggesaka.*

Grunngjeving for vedtaket går fram av saksutgreiinga.

Vedtaket har heimel i plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 jf. § 11-6 og naturmangfaldslova §§ 8-12.

Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland fylkeskommune for klagevurdering.

Nabovarsel

Tiltaket er nabovarsla i samsvar med pbl § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader frå nabo.

Uttal frå annan styresmakt

Det ligg føre løyve på vilkår frå Bergen og omland havnevesen (BOH) av 16.10.14 for utlegging av flytebryggje på 2,4 x 8 meter (ca. 9 meter ut i sjø inkludert landgang), ihht kart godkjent av BOH 16.10.14.

Plassering

Plassering av tiltaket er vist i situasjonsplan datert 07.10.14.

Terrenghandsaming

Det er ikkje søkt om terrengendringar, byggestyresmakta i Radøy kommune legg til grunn at tiltaket vert utført utan vesentlege terrengendringar.

Visuelle kvalitetar

Tiltaket skal prosjekterast og utførast slik at det etter kommunen sitt skjønn innehar gode visuelle kvalitetar både i seg sjølv og i forhold til tiltaket sin funksjon, bygde og naturlege omgjevnader og plassering.

Manglar ved søknaden og sakshandsamingsfrist

Søknad om løyve til tiltak vart mottatt 07.10.14. Løyve frå Bergen og omland havnevesen vart mottatt 16.10.14. Søknaden var komplett og klar for handsaming den 16.10.14 og frist for sakshandsaming etter pbl. § 21-7, jf. SAK 10 § 7-2 er 3 veker frå denne dato.

VURDERING:

Naturmangfaldslova

Kommunen har vurdert omsøkte tiltak og prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova er lagt til grunn ved vurderinga. Det er særleg vektlegg berekraftig bruk og vern av naturmangfaldet der den samla belastninga for økosystemet vert vurdert både lokalt på staden og sett i ein større samanheng. Ein har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i www.naturbase.no og www.artsdatabanken.no.

Ein finn ikkje at omsøkte tiltak vil komme i konflikt med naturmangfaldslova. I vurderinga har ein mellom anna nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland.

Vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 20-2 d vert det GODKJENT riving av kai og oppføring av flytebrygge som vist i søknad av 07.10.2014 på følgjande vilkår:

1. Tiltaket kan plasserast som vist i søknaden med heimel i plan- og bygningslova § 29-4.
2. Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert oppført i tråd føresegne gjeve i eller i medhald av med plan- og bygningsloven, herunder kommuneplanen og reguleringsplanen sine føresegner, jf plan- og bygningslova § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner, gjeld føresegnene føre løyvet.
3. Vilkår sett i løyve frå Bergen og omland havnevesen skal følgjast.

Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf gjeldande delegasjonsreglement for Radøy kommune.

Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og gebyrregulativ for Radøy kommune vedteke i kommunestyret 15.12.11 vert det følgjande gebyr i saka:

KODE 10.3.1	Basisgebyr	kr	<u>5 300,00</u>
SUM		kr	5 300,00

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet setjast i gang, jf plan- og bygningslova § 21-4, sjetle ledd.

Bortfall av løyve

Om byggearbeidet ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. plan- og bygningslova § 29-1. Dette gjeld også dispensasjonsløyvet.

Ferdigstilling

Tiltak skal avsluttast med ferdigattest, jf plan- og bygningslova § 21-10. Ingen delar av byggverket må takast i bruk før ferdigattest eller mellombels bruksløyve ligg føre.

Når arbeida er å sjå på som ferdige skal tiltakshavar skriftleg rapportere dette til kommunen på eige skjema. Om det er justeringar i tiltaket i høve løyvet, som ikkje krev søknad om endring, skal tiltakshavar seinast ved søknad om ferdigattest sende oppdatert situasjonsplan og teikningar til kommunen. Dokumentasjon for byggverket si plassering på tomta skal sendast kommunen for oppdatering av kartverket.

Kommunen kan gjere ferdigsynfaring/tilsyn i forkant av at ferdigattest vert utskrive.

Kopi av dette vedtak samt andre saksdokument skal alltid vere tilgjengeleg på byggeplassen.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saksnr.: 14/2024

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Det kan ikkje reisast søksmål om gyldigheita av vedtaket eller krav om erstatning som følgje av vedtaket utan at moglegheita til å klage over vedtaket er nytta, jf forvaltningslova § 27b

Dersom du har spørsmål i saka, så kontakt jurist/ byggesakshandsamar Line Hervig.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Line Hervig
jurist/ byggesakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakere:

Arvid Hermund Bø
Kjell Martin Bø

Birkeveien 2 5093
Lokketodalen 9 5137

BERGEN
MJØLKERÅEN